




Gunnar Valde



N. E. Ringset

### Gunnar Valde.

Han vart fødd på Skodje 18. januar 1881. Han gjekk i lærarskulen i Volda og vart lærar i heimbygda. Først i Engesetdalens krins, sidan i Skodje og Fylling krinsar. Då vart han og gardbrukar på Skodje.

Valde tok til med ungdomsarbeid i Engeset og Fylling ungdomslag, og etter kvart vart han ein av dei mest drivande ungdomsarbeidarane Sunnmøre har hatt. Han hadde ei serleg interesse for songen. Han dreiv med songlag i 14 år utan avbrot, og var 12 gonger med på songarstemne i desse åra. Gunnar Valde var formann i Sunnmøre frilynde ungdomssamlag i 1917—20 og var tilsaman med i styret i 8 år.

Det vart teke mange store lyft dei åra Valde var formann. Det var då tanken om ein husmorskule for Nøre Sunnmøre kom fram, og Gjestestova vart kjøpt.

Valde var ein flink talar, og hadde eit sterkt syn for alt ideelt arbeid, for alt som kunne reisa folkelivet til eit sterre samarbeid for høge hugmål. Han var målmann og fråhalde-  
mann med eld og kraft. Valde var og ein lærar av dei sjeldne,

og ein uvanleg god forteljar. Personleg var han ein sindig og godlynd mann, eit *fint* menneske.

Valde døydde i sine aller beste år, berre 47 år gammal. Han døydde 18. januar 1928.

### N. E. Ringset.

Han er fødd i Liabygda 2. november 1886. I 1907 gjekk han jordbrukskule, og frå 1917 har han hatt farsgarden på Ringset.

Når ein skal skriva om N. E. Ringset, er det vanskeleg å vita kvar ein skal taka til eller slutta, for han har vore så vidfemnande og har nått så mykje. Få andre har vore med i så mykje ymsesidig samfunnsgagnleg arbeid som N. E. Ringset. Gjennom alt dette arbeidet har han vorte ein landskjent mann.

Grunnlaget til denne store samfunnsinteressa hjå N. E. Ringset vart nok lagt i ungdomslaget i Liabygda. Der var han formann år etter år, så vart samlaget merksam på at her var ein mann dei kunne nyitta. Ringset kom med i sammensetjinga til ungdomslaget i 1917, og frå 1920 var han formann, til han slutta seg i 1945 (bortsett frå dei krigsåra, då arbeidet låg ned).

I dei 25 åra Ringset stod i brodden, var mange store saker løyste. Ein kan nemna i fleng: Husmorskulen på Lyngvin, nybygging av husmorskulen på Lande, kjøp av Kaffistova (Lorkenesgt. 3), skipinga av Sunnmøre Museum, skipinga av Småindustrikontoret, skipnaden med arbeidskular, sløydkurs og vevkurs, aktivisering av arbeidet for skogsaka og mykje anna, og ved sida av dette eit alltid aktivt arbeid for sjølege lagsarbeidet.

Ringset var ei drivkraft som aldri ga seg, ein slik gå-på-hug finn ein sjeldan. Men Ringset er og den første til å peika på at i formannstida hans var det heile tida eit svært dugande styre, og dei fylte einannan så godt ut.

Og det er nok slik, for når til dømes administratoren og drivkrafta Ringset kom saman med ungdomsskalden og fest-

skaparen Henrik Straumsheim og finansmannen Røssaak, var det eit trekløver ein må leita lenge etter.

Utanom desse var det ei rekke andre svært dugande menn med i styret.

Noregs ungdomslag vart snart klår over at her var ein mann for dei. I 1925—1946 var han med i styret der (bortsett frå krigsåra), i mange år var han nestformann. Det er synd at ikkje Ringset skulle vert formann i Noregs u.l. Ein gong kunne han verta det heilt visst, men då hadde han så mykje anna å gjera at han måtte seia frå seg.


Ja, Ringset har hatt mykje anna å gjera. Formann i Møre og Romsdal skogselskap sidan 1932, med i styret for Det norske skogselskap frå 1942, formann der 1949—53.

Formann i Småindustrikontoret i Ålesund sidan 1930, styremedlem i Landssentralen for småindustri sidan 1936, og formann frå 1945. Formann i Møre felleskjøp frå 1934. Ordførar på Stranda 1937—41 og heradstyremedlem i lang tid, og medlem av fylkesutvalet. Elles har Ringset vore med i eit utal av styre og nemnder, som det vil føra for langt å koma inn på her.


Men når ein ser på alt dette, sit ein att med den tanken at det var stor synd for Møre og Romsdal fylke at N. E. Ringset ikkje vart sett på stortingsmannsstolen. Ettertida vil sjå dette klårare og klårare. I 1950 fekk N. E. Ringset Borgardådsmedalja i sylv for det samfunnsgagnlege arbeidet sitt.

Ringset er framleis sterkt interessert i ungdomsarbeidet, og ungdomssamlaget er han stor takk skuldig for det storfelte arbeidet han har gjort for samskipnaden. Ofte kunne nok Ringset ha vunne på at han ikkje var med i det frilynde arbeidet. Motmennene nyttar det stundom. Men Ringset svikta aldri her, for hjarta hans var og er knytt til ungdomen og ungdomsarbeidet.

Det praktiske skjønet har fylgt Ringset i all hans ferd, men samstundes har han hatt stor vyrdnad og skjønsemid



Henrik Straumsheim



Frøystein Ringset

for åndslivet, få kan knyta det jordbundne og åndsens vengesus så godt saman som han.

Ringset er enno ung i hug og hått, og han er framleis drivkrafta som har mykje å gjera.

Henrik Straumsheim.

Bortsett frå dei 2 første formannsåra til Ringset var Straumsheim varaformann, og frå 1945 til 1953 var han formann. Ingen har vore så lenge med i styret som han.

Sunnmøre frilynde ungdomssamlag har hatt mange dugande leiarar og føregangsmenn, men mellom alle desse har Straumsheim fått eit eige rom. Han har vore noko heilt for seg sjølv i ungdomsarbeidet på Sunnmøre. Ja, så sermerkt har han vore, at når mange tenkjer på dei frilynde ungdomslaga, tenkjer dei samstundes på han «Henrik».

Han er uvanleg rikt utrusta. Straumsheim er songar, lyrikar, opplesar, forteljar, talar, ja, beint ut sagt er han *elt heilt ungdomslag sjølv*. Når ungdomsflokken sat sturne og